

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--------------------------------|------|------------|
| 059/18 | Plan- og kommunalteknisk utval | PS | 24.05.2018 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|-------------------|------------|
| Lars Johan Fjelde | 18/949 |

Tildeling av fellingsløyve for hjort 2018 - fordelingsnøkkel

Vedlegg:

Fellingsresultat hjortejakt Osterøy kommune 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fellingsløyve for hjort i Osterøy kommune med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 21 vert det for 2018 fordelt etter følgjande kategoriar og %:

| | |
|--------------|--------|
| Kalv | 30 % |
| Vaksne hodyr | 35 % |
| Spissbuk | 17,5 % |
| Vaksen bukk | 17,5 % |

Det blir tildelt etter teljande areal, jf. § 9 og minsteareal, jf. § 6. For å oppretthalde målet om å stabilisere stamma blir det tildelt ekstradyr etter 50% regelen, jf. § 7.

Godkjente bestandsplanområde får tildelt samla fellingsløyve for heile planperioden i tråd med godkjend bestandsplan, jf. § 18.

Tildeling av fellingsløyve for hjort skal vere kunnskapsbasert og i stor grad følgje uavhengige og anerkjente hjortefaglege tilrådingar og tilpassa lokale utfordringar.

Plan- og kommunalteknisk utval - 059/18

PL - behandling:

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert sendt i retur til administrasjonen. Følgande må innarbeidast i saka: Vedteken endring i minsteareal frå sak 030/17 vedteke 08.03.2017, må implementerast i saka dette er vedteke i tråd med Forskrift om forvaltning av hjortevilt, § 6, andre ledd som slår fast at slik endring må skje før 15. januar. Vidare må konsekvens av endring i prosenttildeling forklarast på ein slik måte at verknad av vedtaket er tydeleg. No er det ikkje råd å forstå kva som er konsekvenst av endringane."

Grunngjeving: Sak om endring av minsteareal har vore teke opp ved fleire høve. Dette vart ikkje korrigert i planen når den vart handsama i 2017, men må leggjast inn i planen no. Legg ved utdrag frå protokollane som syner handsaming av saka gjennom 2017, i møta 23.08, 27.09 og 08.03.17. Minner og om at det er viktig for hjortestamma at det vert gjort kloke endringar i tildelinga for å sikre ei god og bærekraftig hjortestamme framover, samtidig som gardar i drift må prioriterast då desse opplever plagene direkte og økonomisk."

AVRØYSTING

Alternativ avrøysting

| | | |
|-------------------------|---|-----------------------------|
| Rådmannen sitt framlegg | - | 5 røyster (1H,2AP,1SP,1KRF) |
| FRP sitt framlegg | - | 2 røyster (2 FRP) |

PL - vedtak:

"Fellingsløyve for hjort i Osterøy kommune med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 21 vert det for 2018 fordelt etter følgjande kategoriar og %:

| | |
|---------------------|---------------|
| Kalv | 30 % |
| Vaksne hodyr | 35 % |
| Spissbukk | 17,5 % |
| Vaksen bukk | 17,5 % |

Det blir tildelt etter teljande areal, jf. § 9 og minsteareal, jf. § 6. For å oppretthalde målet om å stabilisere stamma blir det tildelt ekstradyr etter 50% regelen, jf. § 7.

Godkjente bestandsplanområde får tildelt samla fellingsløyve for heile planperioden i tråd med godkjend bestandsplan, jf. § 18.

Tildeling av fellingsløyve for hjort skal vere kunnskapsbasert og i stor grad følgje uavhengige og anerkjente hjortefaglege tilrådingar og tilpassa lokale utfordringar."

Saksopplysningar: Saksopplysningar:

Bakgrunn

Indikatorar i hjorteviltforvaltninga

Det er eit viktig mål for hjorteviltforvaltninga at den skal vere kunnskapsbasert. I samband med utarbeiding og gjennomføring av bestandsplanar i privat regi er det derfor ein føresetnad at dei mål og virkemidlar som blir utforma, er basert på eksisterande kunnskap. Dette gjelder både kunnskap om hjorteviltbestandane, leveområdet og korleis hjorteviltet påverkar andre samfunnsinteresser lokalt.

Nokre av dei viktigaste kunnskapskjelder ein har i samband med planlegging av bestandsutvikling (jakt) er:


- Fellingsstatistikk
- Bestandsstruktur (kjønns- og aldersfordeling)
- 'Sett hjort' registreringar
- Statistikk, irregulær avgang (innmelde funn av døde hjort vinteren og våren 2018.)
- Vårteljing

Fellingsstatistikk

Hjortebestanden i Osterøy kommune har som for resten av Vestlandet auka kraftig sidan 1980 talet.

Som det går fram av tabellen nedanfor så har avskytinga auka jamt og trutt frå 76 felte dyr i 1990 til 422 felte dyr i 2011. Etter dette har talet felte dyr gått noko ned – slik at det blei felt 420 i 2011, 401 i 2013, 367 i 2015, 359 i 2016 og 391 i 2017.

Lilla serie syner total felte hjort for 1986-2017. Raud serie viser felte hodyr og blå hanndyr i same periode.



Tabellen under syner den fordelinga av avskytinga etter 2006 fordelt på alder og kjønn og fellingsprosent.

| År | Tildelt totalt | Hannkalv | Ho kalv | 1 ½ år hanndyr | 1 ½ år hodyr | Eldre bukkar | Eldre koller | Felt totalt | Fellings % |
|------|----------------|----------|---------|----------------|--------------|--------------|--------------|-------------|------------|
| 2006 | 413 | 39 | 29 | 54 | 53 | 46 | 57 | 278 | 67,3 |
| 2007 | 415 | 31 | 38 | 55 | 43 | 57 | 66 | 290 | 69,9 |
| 2008 | 417 | 42 | 38 | 51 | 46 | 48 | 64 | 289 | 69,3 |
| 2009 | 462 | 57 | 61 | 51 | 62 | 63 | 83 | 377 | 81,6 |
| 2010 | 476 | 60 | 61 | 48 | 64 | 40 | 108 | 381 | 80,0 |
| 2011 | 494 | 57 | 74 | 47 | 77 | 56 | 111 | 422 | 85,4 |
| 2012 | 526 | 70 | 53 | 62 | 79 | 47 | 109 | 420 | 79,8 |
| 2013 | 512 | 62 | 52 | 82 | 64 | 45 | 96 | 401 | 78,3 |
| 2014 | 495 | 63 | 51 | 65 | 72 | 47 | 94 | 392 | 79,2 |

| | | | | | | | | | |
|-------------|------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------|-------------|
| 2015 | 496 | 62 | 39 | 60 | 64 | 61 | 81 | 367 | 74,0 |
| 2016 | 468 | 52 | 46 | 63 | 60 | 49 | 88 | 360 | 76,9 |
| 2017 | 466 | 50 | 50 | 76 | 75 | 53 | 87 | 391 | 83,9 |

Kjønns ballansen i avskytinga, %

| Kjønn/År | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|----------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Hanndyr | 49 % | 47 % | 45 % | 39 % | 38 % | 43 % | 47 % | 45 % | 50 % | 46 % | 46 % |
| Hodyr | 51 % | 53 % | 55 % | 61 % | 62 % | 57 % | 53 % | 55 % | 50 % | 54 % | 54 % |

Storvalda kan ha noko ulike avskytingsmodellar i dei godkjende bestandsplanane avhengig av kva som er målet for bestandsutviklinga i området. Td. skyt ein prosentvis færre koller (produksjonsdyra) dersom målet er å auke bestanden og omvendt. Vald utan bestandsplan får tildelt løyver etter såkalla «retta avskyting».

Det at enkeltvalda i frå 2012 får fellingsløyve spesifisert på spissbukk kan ha ført til større uttak av bukkar i høve til koller. **Totalt blei det i 2017 felt 212 hodyr (54,2 %) og 179 hanndyr (45,8 %) i kommunen som var på same nivå som i 2016 mot 50 %/50% hanndyr / hodyr i 2015.**

Alders- og kjønnsfordelinga i fellingstala for 2017 går fram av tabellen under:

| Alder | | Kjønn | |
|----------------|------|---------|------|
| Ungdyr og kalv | 64 % | Hodyr | 54 % |
| Vaksne dyr | 36 % | Hanndyr | 46 % |

Sett-hjort statistikk

Sett-hjort går ut på at jegerane under jakta registrerar tidsforbruk og det dei ser og feller av hjort. Utifrå dette vert det rekna ut ulike indeksar som skal sei noko om bestandsutviklinga både i høve bestandsstorleik, kjønnsfordeling, reproduksjon og jakttrykk. Sett Hjort seier noko om utviklinga i

storleiken i hjortebestanden, kjønnsamansetning, reproduksjon samt jakttrykket på dei ulike kategoriar dyr. Indeksane har vist seg å gje eit brukbart bilete på utviklinga i eit område, men nytten er avhengig av kvaliteten på sett-hjort dataa. Kvaliteten på statistikken vil aukar med auka datamengd/registreringar. Tilfeldige avvik og feilregistreringar vil og gjere mindre utslag di større datamengd som ligg bak.

Indeksen for Sett Hjort pr. jeger-dagsverk og pr. jegertime skal utrykkje endringar i bestands-tettleiken.

Desse indeksane kan nok variere noko frå år til år utan at bestanden varierer tilsvarande.

Sett Hjort er difor ikkje presist nok til å kunne utrykkje bestands-endringar frå år til år, men må sjåast i eit litt lengre perspektiv. Den lineære trendkurva for både sett hjort pr. dagsverk og pr. time tilseier ein (svak) nedgang i bestandstettleik. (Sjå bestandsplan for hjort for 2016-2021.)

| År | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2013-2017 |
|------------------------------------|-------|-------|-------|------|---------------|-----------|
| Sett hjort pr. jegerdagsverk | 1,7 | 2,1 | 1,8 | 2,27 | 2,13 | 1,99 |
| <u>Sett hjort pr. jegertime</u> | 0,41 | 0,59 | 0,48 | 0,58 | 0,61 | 0,53 |
| <u>Sett kolle pr. bukk</u> | 1,81 | 1,69 | 2,12 | 2,12 | 1,61 | 1,87 |
| <u>Sett kalv pr. kolle</u> | 0,64 | 0,69 | 0,64 | 0,68 | 0,62 | 0,65 |
| Sett spissbukk pr. bukk | 0,91 | 1,14 | 1,01 | 0,72 | 0,55 | 0,87 |
| <u>% bukk felt av sette bukkar</u> | 21,15 | 12,86 | 19,14 | 14,9 | 14,07 | 16,43 |
| % koller felt av sette koller | 13,25 | 11,61 | 10,87 | 9,00 | 10,85 | 11,20 |
| % kalvar felt av sette kalvar | 13,30 | 11,09 | 11,42 | 9,00 | 10,661 | 11,09 |
| Tal jegerdagar | 854 | 1634 | 1705 | 1654 | 1667 | 11503 |
| Jaktfelt som har levert skjema | 50 | 76 | 70 | 79 | 76 | 70 |

Ut frå sett-hjort registreringane kan ein sjå at i snitt for 2013-2017 blei 16,43 % av bukkane som vart observert under jakta skotne. I 2013 var tilsvarande % 19%.

Som ein ser av Sett-hjort tabellen er det langt større sjanse for ein bukk som vert sett å bli felt enn det er for koller og kalvar.

Sett kolle pr. bukk skal gje uttrykk for kjønnsfordelinga i bestanden denne har. Med 5 år med Sett-hjort registreringar er talmaterialet stort nok til å kunne gje eit grunnlag for å sjå ei utvikling.

Etter tala i tabellen er det fortsatt for få bukkar i hjortebestanden i Osterøy kommune. Ein reknar at når **indeksen her er under 1,5 koller pr. bukk** så har ein tilstrekkelig eldre bukk i bestanden.

Sett kolle pr. kalv fortel noko om reproduksjonen i hjorte-bestanden er bra. Denne avheng av kondisjonen og aldersfordelinga blant dei vaksne hodyra i bestanden. I dei fleste tilfella vil det vera ynskjeleg med høg og stabil produksjon av kalvar i bestanden. Viktigaste kriteriet til å få til det er høg gjennomsnittsalder hjå dei vaksne dyra i bestanden. Beste måten å sikre dette på er at kalv og ungdyr utgjer ein stor del av jaktuttaket og vaksne dyr ein tilsvarande mindre del.

Gjennomsnittleg slaktevekter

Vekter i kg på kalvar og 1½-åringar kan gje eit godt bilete på endringar i bestandskondisjon, mens vektutvikling hos eldre dyr i stor grad er påverka av kva årsklassar som er felt under jakta det enkelte år.

| | Hann -kalv | Hann -kalv | Ho- kalv | Ho- kalv | Hann -dyr 1 ½ år | Hann -dyr 1 ½ år | Ho- dyr 1 ½ år | Ho- dyr 1 ½ år | Hann -dyr eldre | Hann -dyr eldre | Ho- dyr eldre | Ho- dyr eldre |
|-------|---------------|---------------|-------------|-------------|---------------------------|---------------------------|-------------------------|-------------------------|-----------------------|-----------------------|---------------------|---------------------|
| År | kg | tal | kg | tal | kg | tal | kg | tal | kg | tal | kg | tal |
| 2013 | 26,4 | 15,0 | 27,0 | 5,0 | 46,3 | 15,0 | 43,6 | 10,0 | 92,4 | 10,0 | 56,5 | 13,0 |
| 2014 | 25,6 | 28,0 | 23,4 | 20,0 | 48,0 | 25,0 | 43,6 | 29,0 | 75,0 | 20,0 | 55,7 | 38,0 |
| 2015 | 28,8 | 24,0 | 24,9 | 12,0 | 50,5 | 21,0 | 46,0 | 34,0 | 87,0 | 21,0 | 60,2 | 33,0 |
| 2016 | 28,2 | 26,0 | 23,9 | 32,0 | 49,0 | 35,0 | 44,5 | 32,0 | 76,9 | 20,0 | 57,3 | 44,0 |
| 2017 | 28,0 | 23,0 | 25,3 | 28,0 | 47,4 | 39,0 | 44,5 | 41,0 | 83,0 | 24,0 | 57,4 | 42,0 |
| Gj.sn | 27,6 | 25,3 | 24,4 | 23,0 | 48,7 | 30,0 | 44,7 | 34,0 | 80,5 | 21,3 | 57,6 | 39,3 |


På grunn av dels låge tal observasjonar i 2013 må ein bruke varsemd med å samanlikna snitt som er basert på eit lite tal observasjonar. Gjennomsnitt er difor berekna ut i frå åra 2014-2017.

Måloppnåing

Målsettinga for hjorteviltforvaltninga i kommunen går fram av Forvaltningsplanen for hjort for Osterøy kommune 2017-2021. Dei viktigaste målområda er oppgitt i tabellen under.

| Målområde | Måleparameter | Mål | Snitt siste 5 år | Måloppnåing 2017 |
|--------------------------|--------------------------|-----|------------------|------------------|
| Bestandsstorleik, utmark | Sett-hjort pr. jegertime | 0,3 | 0,35 | 0,37 |

| | | | | |
|----------------------|-----------------|--------|------------|---------------|
| Kjønnsstilhøve | Kolle / bukk | < 1,5 | 1,87 | 1,61 |
| Bestandssamansetning | Skutt ungdyr, % | > 60% | 63,3 | 64,2 |
| Fellings% | Fellings% | >80 % | 78,5 | 83,9 |
| Sett-hjort | Levert skjema | >75% | 76 | 76 |
| Produksjonsevne | Sett kalv/kolle | >0,6 | 0,65 | 0,62 |
| Slaktevekt - kg | Kalv/ungdyr | Auke | Liten auke | Liten endring |
| Fallvilt | % av jaktuttak | | | 7 |
| | Antall dyr | | | 7 |
| Helse - skrantesyke | CWD-prøver | 0 | 0 | 0 |
| Beite | Beiteforhold | Grad 2 | | |



Ein har ikkje sett nokre konkrete mål for sett-hjort pr. jegertime, men det er naturleg å sjå trenden over litt lengre tid – om den går ned eller opp. Trendlina for 2013-2017 viser «stabil» utvikling.

Evaluering av måloppnåing

- Sett-hjort per jegertime er med 0,37 (utmark) for 2017 over snittet for perioden 2013-2017 og ein indikasjon på at hjortestamma er rimeleg høg. (Gjennomsnitt for alle kommunar i Hordaland var i 2017 0,27.) Høgt tal felte dyr og større uttak av eldre hodyr vil trulig verke inn på bestandsstorleiken. Fellingstala har og i åra før våre låge og fallande.
- Utviklinga for kjønnsforholdet er positiv. Talet for 2017 med 1,61 koller per bukk som er den beste kjønnsforholdet som vi har hatt i kommunen og ganske nær målet om 1,5 koller per bukk (gjennomsnitt i Hordaland er 1,6 koller per bukk).
- Produktiviteten målt i kalvar/kolle er relativt gode, men er under snittet for 5-årsperioden. Denne faktoren er avhengig i høge
- Slaktevektene for ungdyr (kalvar og 1 ½ åringar) er lågare enn dei to åra før. Målsetjinga er å auka vektene og då må det takast ut meir ungdyr for å nå målsettinga. Utvida jakttid gjer at det er litt vanskeleg å samanlikning med tidligare år. Ein kan notere ein positiv trend for kalvevektene ved at snittalet for 2017 er høgare enn snittet for 2013-2017.

Dødelegheit

Estimat for naturleg vinterdødelighet for ulike kjønns- og aldersgrupper hos hjort. Dødelegheiten er

berekna for perioden etter endt jakt til neste års jaktstart.

| Kjønn | Naturlig dødelegheit (%) | |
|-----------------|--------------------------|--------|
| | Koller | Bukker |
| Kalvar | 20 | 20 |
| Ettåringar | 8 | 13 |
| 2,5 år og eldre | 7 | 7 |

Som ein ser av tabellen over er dødelegheiten hjå hjort høg, særleg for kalvar. I enkelte år vil dødelegheiten kunne vere høgare.

Det beste tiltaket for å redusere dødelegheiten for hjort er å ha ei høg avskyting på kalvar og ungdyr samt å redusere stamma slik at det er nok beite til dyra

Fallvilt

| Påkjørt av bil | Tal | Sjukdom eller skade |
|----------------|-----|---------------------|
| Ungdyr | 10 | 19 |
| Vaksen | 2 | 10 |
| Ukjent | 2 | 1 |

Dei fleste hjortepåkjørslane skjer mellom Tireåstunellen og Hannisdalen.

I vinter og vår er det blitt innrapportert mykje død hjort. Dei aller fleste i mars og april og i hovudsak i området Blom og Havrå, men og innover Bruvikstranda. Ein har og ein del meldingar i frå Mjeldalen, men her kan det tyde på at ikkje alt er blitt meld inn til kommunen.

Val av avskytingsstrategi har stor innverknad både på det totale talet dyr hausta, og på samansettinga av dei andre dyrekategoriene i uttaket.

Uttak av eldre hodyr er den mest effektive tiltaket for å redusere ei stamme. Eit målretta tiltak mot dette bestandssegmentet vil raskt gi effekt i form av bestandsendringar.

Dei viktigaste bestandsmessige forholda som påverkar tilveksten i våre hjortebestandar er produktiviteten blant hodyra og kjønnsforholdet blant eldre dyr.

Tradisjonelt har jakttrykket på bukkar i alle aldersklassar vore høgare enn tilsvarande for koller. Sjølv om jaktuttaket generelt har vore mindre enn tilveksten, har dette over tid ført til ei dreining av kjønnsforholdet mot ei overvekt av koller.

Det skeive kjønnsforholdet heng også saman med forskjellar i gjennomsnittsalder for koller og bukkar. Basert på materiale frå det nasjonale overvåkingsprogrammet for hjortevilt ligg gjennomsnittsalderen for bukkar to år og eldre rundt 3-3,5 år. Dette er ca. to år lågare enn tilsvarande

for koller. I realiteten betyr dette at svært få hanndyr blir eldre enn fem år, og endå færre når fullvaksen alder som er 7-8 år (NINA Rapport 571).

Kjønnsfordelinga i jaktuttaket har gradvis gått i retning av eit 1:1 forhold. Dette er i tråd med målsetjingane om ei balansert uttak frå bestandane. Problemet er berre at bestandane ein haustar av i utgangspunktet er kjønnsmessig skeivfordelt. Dersom ein aukar avskytinga med sikte på å redusere bestandstettleiken og opprettheld ei kjønnsmessig 1:1 fordeling i uttaket, vil dette resultere i at bukkedelen i bestanden vert ytterlegare redusert. I tillegg så hanndyra jamt over høgare naturleg dødelegheit enn hodyra.

For å kunne gjere gode er ein avhengig av klart definerte mål for bestandsforvaltninga. Målsetjingane må i neste omgang følgjast opp av konkrete tiltak og verkemiddel som skal syte for at den ønska effekten vert oppnådd. Tiltaka må gjennomførast for store nok område til at det er realistisk å oppnå dei ønska effektane. Endringar kan berre skje dersom det blir gjennomført i form av felles tiltak i større skala.

Det kan vere krevjande å snu ei negativ utvikling når den først har starta. Ein overgang til ei kjønnsmessig likare bestandsstruktur og lågare bestandstettleikar ville syte for fleire positive effektar som auka gjennomsnittsalder for hanndyra ein mindre produktiv og dermed enklare regulerbar bestand.

Vurdering

Prosentvis uttak av vaksne dyr (buk/kolle) og kalv/ungdyr har nærma seg hjorteviltfaglege tilrådd uttak (40/60). I 2017 blei det felt 36 % vaksne dyr og 64 % ungdyr/kalv. Det er bra, men det er viktig å vere klar over at det her kan vera under/overrapportering som gjer at uttaket faktisk er noko annleis.

Tidlegare var det prosentvis felt mange fleire hanndyr enn i dag. Fleire år på slutten av 80 talet og i på 90-talet blei det felt over 60 % hanndyr. Ei slik avskyting vil naturleg nok bidra til vekst av hjortestamma, lite gamle hanndyr og ei skeiv kjønnsamansetjing i hjortestamma. Dei siste åra har ein forsøkt å retta opp i denne skeive kjønnsfordelinga og ein har ein del år hatt eit overvekt av felte hodyr. Avskytinga av ho- og hanndyr nærmar seg 50 % av kvar kjønn. Så lenge ein ynskjer å redusere stamma kan uttaket av hodyr vera høgt – særleg ungvokler.

Mange gardbrukarar i Osterøy kommune slit med store beite skade på innmark grunna hjort. Etter Forvaltningsplan for hjort i Osterøy kommune så bør hjortestamma reduserast og stabiliserast. Ved eit høgare utak av hodyr vil reduksjonen komma raskare.

Bassert på fellingsstatistikk og observasjonar rundt om i kommunen kan tyde på at hjortestamma er redusert. Vi er kanskje komen ned på eit nivå at hjortestamma sett for heile kommunen kan stabiliserast på dette nivået. Men det er store forskjellar. Difor er det viktig at valda tek omsyn til at det fortsatt er store beiteskadar på eng i dei mest intensiv drivne jordbruksområda.

Difor rår rådmannen til at det også for 2018 bli gjeve ekstradyr etter 50% regelen i område med høg hjortetettleik og skadar på innmarka. Ei tildeling berre etter minstearealet vil gje eit for lite uttak og vil kunne føre til auke i hjortestamma igjen. Det vil og vera aktuelt med skadedyrfelling i dei tilfella ordinær jakt ikkje fører til tilstrekkeleg uttak i skadeområda.

Både fellingsresultat, sett hjort (og vårteljing) peikar i retning av at det er for lite eldre hanndyr i hjortestamma.

Det er viktig å oppretthalde ei høg avskyting av hjort. Og for å kunne nå måla om ei berekraftig og langsiktig hjorteforvaltning er det viktig med ein høg fellingsprosent. Etter at Osterøy kommunen la om viltforvaltninga i 2006 har fellingsprosenten vore høg. Men det er viktig at fellingsprosenten blir verande på eit høgt nivå. Det gjer at ein får god styring med alders- og kjønnsamansetninga i hjortebestanden.

Ein høg fellingsprosent vil kunne bidra til ein høgare del ungdyr og dess lågare del hanndyr i fellinga. For at fellingsprosenten blir verande høg er det viktig å justere minstearealet i tråd med utviklinga av hjortebestanden. Men det er svært uheldig dersom minstearealet blir redusert for område som har låg avskyting og som såleis venteleg har låg dyretettleik. For å få ei effektiv og kunnskapsbasert hjorteforvaltning, må ein ha oppegåande vald som er store nok. Det vil vere svært uheldig om snevre egeninteresser skal få sette kunnskapen og interessene til det store fleirtalet og samfunnet til sides. Det vil sette til sides ei ønska utvikling i hjorteviltforvaltninga i kommunen.

Med bakgrunn i høgare naturleg dødelegheit for kalv enn andre alderskategoriar og at det ved ein tett hjortebestand er 1, 5 år gamle dyr som taper i konkurransen om beite.

Det bør då i tillegg til kalvar vere fokus på å ta ut ungvokser fordi dei har problem med å oppnå tilstrekkeleg vekt for å bli drektige før dei er om lag 3 år gamle.

Dei høge dødeligheita på særleg kalvar og ungdyr i vinter understrekar viktigeita på å felle ungdyr og kalvar. Osterøy kommune har ein positiv utvikling no der fleire av målparametrane viser positiv utvikling. Mange valda gjer ein flott jobb og har oppnådd gode forbetringar når det gjeld fellingsprosent og ungdyrfelling. Ein er enno ikkje i mål. Det er difor viktig å halde fram med arbeidet med å forvalte hjortestamma på ein kunnskapsbasert måte for å få ei sunn og robust hjortestamme i Osterøy kommune.

Viltforvaltninga i Osterøy kommune ynskjer å nytta følgjande avskytingsstrategi for søknadar om godkjenning av bestandsplanar i 2018:

| Kjønn/alder | Kalv | Ho 1½ år | Hann 1½ år | Eldre ho | Eldre hann |
|----------------|-------|----------|------------|----------|------------|
| Alder/kjønn, % | 25-35 | 10-15 | 10-15 | 20-35 | 10-20 |
| Alder, % | >=60 | | | <=40 | |

Ein gjer merksam på at dersom ein ynskjer ein reduksjon av stamma skal kolletildelinga vera høg (35-

40).

Konklusjon

Tildeling av fellingsløyve for hjort skal vere kunnskapsbasert og i stor grad følgje uavhengige og anerkjente hjortefaglege tilrådingar og tilpassa lokale utfordringar.

Rådmannen vil med bakgrunn i det ein veit om hjortestamma, som er basert på Sett-hjort registreringar og fellingstal tildele fellingsløyve for hjort etter følgjande fordelingsnøkkel: kalv 30 %, kolle 35 %, bukk 1 1/2 år 17,5 % og bukk 2 1/2 år og eldre 17,5 % for 2018.

Godkjente bestandsplanområde får tildelt samla fellingsløyve for heile planperioden i tråd med godkjend bestandsplan, jf. § 18.